



# ÅRSRAPPORT 2020

BYGG- OG EIGEDOMSTENESTER



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Innhold

<b>1.0 INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA .....</b>	<b>2</b>
1.1 BYGNINGSMASSEN .....	2
1.2 OVERORDNA UTVIKLINGSPLAN.....	3
1.3 ORGANISASJON OG LEIING .....	4
1.4 SAMARBEID MED ANDRE.....	5
1.5 PROSJEKT 2020.....	6
1.6 TILTAKSPAKKA 2020 (KORONAMIDLER).....	6
1.7 VÅRE EFFEKTMÅL .....	7
<b>2.0 ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT.....</b>	<b>8</b>
2.1 SAMLA VURDERING .....	8
2.2 EFFEKTMÅL 1.....	8
2.3 EFFEKTMÅL 2.....	9
2.4 EFFEKTMÅL 3.....	12
2.5 EFFEKTMÅL 4.....	13
<b>3.0 STATISTIKK .....</b>	<b>15</b>
3.1 ENERGIFORBRUK .....	15
3.2 SHA .....	17
3.3 SERIØSITET.....	18
3.4 ØKONOMISK RESULTAT.....	19

# 1.0 INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA


## 1.1 BYGNINGSMASSEN

Møre og Romsdal fylkeskommune eig 227 195 m<sup>2</sup> bygningsmasse fordelt på 164 bygningar. Porteføljen er forsikra for om lag 6,5 milliardar kroner. I hovudsak er dette bygningsmasse knytt til vidaregåande skoler. Det er totalt 23 vidaregåande skolar/ fagskolar i fylkeskommunen. Skolane har alt frå 1 til 34 bygg, når man tar med stort og smått. I tillegg leiger fylkeskommunen mykje areal knytt til tenesteproduksjon innanfor kultur, utdanning, tannhelse og samferdselssektoren.

Det har vorte gjennomført ein tilstandskartlegging av fylkeskommunens bygningsportefølje hausten 2016, 2017, 2018 og 2020, kartlegginga vart utført ved hjelp av kartleggingsverktøyet MultiMap og gjennomført av bygg- og eigedomstenesters driftspersonell.<sup>1</sup>

Kartlegginga omfatta 212 772 m<sup>2</sup> i 2020. I gjennomsnitt er bygningsmassen god i høve til målsettingane i eigedomsstrategien, men der er framleis ein god del bygg med relativt store og akutte utfordringar. Fleire av dei dårlegaste bygga ligg inne på det tiårige investeringsprogrammet til bygg- og eigedomstenester og er planlagt avhenda eller totalrehabilitert i løpet av dei neste åra. Tilstandsregistreringa viser også eit vedlikehaldsbehov på ca. 308 mill. kr for å utbetre det mest akutte utfordringane (TG3-er) dei neste 5 åra på dei bygga som skal behaldast som dei er (B-bygg).

I oversikten under vises den gjennomsnittlege tilstanden til ein lokasjon. Ein skole kan ha gjennomsnittleg god tilstand sjølv om eit eller fleire bygg på lokasjonen er svært dårleg.



<sup>1</sup> Tilstandsgrader (TG) som begreip er definert i Norsk Standard 3424:2012 «Tilstandsanalyse av byggverk». Tilstandsgradar blir brukt med referanse til bygningars tekniske tilstand. Det er definert fire tilstandsgradar der 0 er best og 3 er dårlegast.

Bygg- og eigedomstenester har i 2020 prioritert å gjere tiltak knytt til avvik ift. forskrifter (eks: brann, HMS, miljøretta helsevern, elektriske anlegg m.m). I tillegg har tiltakspakka på 50 mill. kroner gjort det mogleg å gjennomføre større vedlikehaldstiltak på fleire skolar.

## 1.2 OVERORDNA UTVIKLINGSPLAN

Fylkestinget vedtok i desember 2019 den første overordna utviklingsplanen for fylkeskommunale bygg og eigedommar. Planen bygger på eigedomsstrategien som gjeld frå 2017-2026. Neste overordna utviklingsplan vil bli framlagt for fylkestinget i juni 2021.

Ved å kartleggje om dei eksisterande bygga er godt tilpassa verksemda sitt behov både i dag og i høve til framtidige behov, er den overordna utviklingsplanen eit godt styringsverktøy for fylkestinget som byggeigar. Planen er meint å gje fylkestinget ei oversikt over behov for endringar i bygningsmassen for å kunne tilby innbyargarane gode tenester. Planen vert så grunnlaget for prioritering av framtidige investeringar (10-årig investeringsprogram), og som grunnlag for den 4-årige investeringsplana i desember.

Overordna utviklingsplan klassifiserer bygg etter funksjonell tilstand og tilpassingsgrad (om bygningane kan byggast om til endra behov). Denne klassifiseringa fører fram til ei inndeling av bygga i kategoriane A, B og C.

A-bygga har lav funksjonsgrad og kan byggast om. Dei er planlagt nytta vidare i fylkeskommunal verksemd. Bygga må derfor utviklast. Fylkestinget prioriterer i kva rekkefølge A-bygga skal utviklast i investeringsprogrammet.

B-bygg er bygg som har god funksjon for brukar og som om naudsynt kan byggast om. Hovudmålet med desse bygga er å drive verdibevarande vedlikehald.


Bygg som ikkje er godt egna til verksemda og ikkje kan byggast om, blir kategorisert som C-bygg. Dette er bygg som skal takast ut av bruk og seljast eller rivast. Om det ikkje er mogleg å ta bygget ut av bruk innan eit tidsrom på fem til ti år, vil dei mellombels bli kategorisert som B-bygg. Dette for å sørge for at dei blir halde ved like mens dei er i bruk.

I tillegg vil overordna utviklingsplan ha ein total oversikt over fylkeskommunen sine leigeavtaler knyt til dei forskjellige avdelingane. Ein oversikt over alle eigedomane til fylkeskommunen vil også vere vedlagt (utbygde eigedomar og tomtar). Fylkesveg vil ikkje inngå i lista.

## 1.3 ORGANISASJON OG LEIING

Eigedomsstrategien vart vedteke i 2017 og gjeld til 2026. Bygg- og eigedomstenester vart oppretta frå 01. januar 2018 og tok over alt ansvaret for den fylkeskommunale bygningsmassen. Driftsteknikarane ved alle dei vidaregåande skolane, reinhaldarane på Romsdal vgs og dei tilsette på bygge- og vedlikehaldsseksjonen vart samla i ei ny avdeling.

Avdelinga har i dag følgende organisering:



Avdelinga har ansvaret for drift, vedlikehald og utskifting/utvikling av heile eigedomsporføljen til Møre og Romsdal fylkeskommune. Avdelinga er delt inn i tre seksjonar; prosjektseksjonen, eigedomsseksjonen og reinhaldsseksjonen. Eigedomsseksjonen er igjen delt inn i 6 driftsteam.

Det vart opprette ein eigen reinhaldsseksjon ved Bygg- og eigedomstenester i 2019. Reinhold av Romsdal vgs er ein del av reinhaldsseksjonen, i tillegg til fagansvar for utarbeiding og oppfølging av reinhaldskontrakter. Det er i dag 15 reinhaldskontrakter for tannhelsetenesta, tre for vidaregåande skolar, ein for fagskole og tre for andre verksemdar i Møre og Romsdal fylkeskommune. I 2020 vart det gjennomført 12 konkurransar på reinhaldsenester. Reinhaldsseksjonen arbeider kontinuerleg og langsiktig for fagleg utvikling innan fagområdet og rådgiving for at reinhald er basert på leiande praksis innan reinhaldsmetodar ved dei fylkeskommunale verksemdene. Det vart i 2020 gjennomført eit digitalt kurs “smittereinhold” for alle reinhaldarar tilsett i Møre og Romsdal fylkeskommune. Ein viktig del av reinhaldsseksjonen sitt

arbeid er rådgiving i byggeprosjekt i forhold til materialval og sørge for at bygga er tilrettelagt for å kunne gjennomføre eit tilfredsstillande reinhald.

Det er blitt tilsett ein rådgivar i reinhalsseksjonen i 2020 med tiltreding i 2021.

Bygg- og eigedomstenester hadde ved årsskiftet 65 tilsette fordelt på ca. 60 årsverk. På same tid i fjor hadde avdelinga 63 tilsette fordelt på 58 årsverk. Auken skyldast blant anna at avdelinga har tilsett assisterande bygg- og eigedomssjef. Avdelinga vil fortsette arbeidet med å effektivisere drifta også i 2021.

Det er skreve SLA-avtaler (tenestenivåleveranseavtalar) mellom bygg- og eigedomstenester og dei vidaregåande skolane. Dette er ein avtale som regulerer deling av arbeidsoppgåver og kostnader knytt til drift av skolane. Størstedelen av avtalen er felles for alle skolar, men med nokre lokale tilpassingar. Avtalen er organisert iht. NS 3454 «Livssyklus kostnader for bygg». Hovudprinsippet er at den som har ansvar for ei oppgåve også har ansvar for finansieringa av oppgåva. SLA-avtalar for tenesteområda tannhelse og samferdsel vil bli utarbeida i 2021.

## **1.4 SAMARBEID MED ANDRE**

Bygg- og eigedomstenester samarbeider tett med dei andre avdelingane og seksjonane i fylkeskommunen. I tillegg til å samarbeide internt i fylkeskommunen har prosjektseksjonen stort fokus på samarbeid med andre offentlege etatar. Dei siste åra har seksjonen hatt eit auka fokus på å samarbeide med dei lokale kommunane. Det har vist seg at eit samarbeid med kommunane kan føre til positive effektar for både kommunane og fylkeskommunen.

Bygg- og eigedomstenester har hatt følgjande samarbeid med andre i 2020:

- Volda kommune – Volda Campus Arena
- Ørsta kommune – Planlegging av ny vidaregåande skole
- Kristiansund kommune – Campus Kristiansund og Opera- og kulturhus
- Ålesund kommune – Spjelkavik Arena, Sørsidebygget og Fagerlihallen
- Hareid kommune – Ny tannklinikk
- Molde kommune – Idrettens hus
- Angvik Eigedom AS m.fl. – Macésenteret i Molde
- Devoldholmen Utvikling AS – Campus Kristiansund
- Spjelkavik IL m.fl. – Spjelkavik Arena

## **1.5 PROSJEKT 2020**

Bygg- og eideomstenester har i 2020 gjennomført prosjekt tilsvarande 17,6 mill. kronar eks. mva på den fylkeskommunale bygningsmassen. Disse tiltaka kjem i tillegg til det som er gjennomført med midlane frå tiltakspakka 2020, og dei større nybygg og rehabiliteringsprosjekta. Nokre av prosjekta som er gjennomført er:

- Brønnboring og installasjon av varmpumper på Molde vgs, Kristiansund vgs, Atlanten vgs og Volda vgs
- Oppgradering av SD-anlegg på Ulstein vgs
- Oppgradering av teikningsgrunnlaget til den fylkeskommunale bygningsmassen
- Utbetringar av tak på Tingvoll vgs og Surnadal vgs
- Utbetringar av brakkene på Borgund vgs
- Utsifting av styring til ventilasjon Atlanten vgs

## **1.6 TILTAKSPAKKA 2020 (KORONAMIDLER)**

Bygg- og eideomstenester fekk i april 2020 50 mill. kronar eks. mva i tiltakspakke for å gjennomføre vedlikehaldstiltak på dei fylkeskommunale bygga for å stimulere leverandørmarknaden i forbindelse med korona. Tiltakspakka vart fordelt mellom mellomstore (35 mill. kr) og små vedlikehaldsprosjekt (15 mill. kr). Midlane vart fordelt på tiltak over heile fylket, og ved årsskifte 2020/2021 var 57 av 68 prosjekt avslutta. Dei resterande prosjekta vil bli avslutta i starten av 2021. Til saman vart det utbetalt 44,2 mill. kr av tiltakspakka i 2020. Totalt har over 90 entreprenørar og underentreprenørar vore involvert i utføringa av dei 68 prosjekta.

## 1.7 VÅRE EFFEKTMÅL

Gjennom arbeidet med egedomsstrategien vart følgjande effektmål med tilhøyrande resultatmål bestemt for perioden 2017-2026:

Effektmål	Resultatmål
Egedomsforvaltninga i Møre og Romsdal fylkeskommune skal understøtte kjerneverksemda på best mogleg måte	Tilfredsheitsmålingar med karakterar minimum 4 på ein skala frå 1-5 innan år 2020 (undersøking 1 gong i året – rektorar, elevråd og tillitsvalde ved alle skolar, dialogmøte med verksemda)
	Alle skolane skal innan 2023 kunne bli godkjent innan miljøretta helsevern
	Alle verksemdar skal innan år 2023 kunne bli sertifisert som miljøfyrtårn
Møre og Romsdal fylkeskommune skal drive verdibevarande vedlikehald	Gjennomsnittleg tilstandsgrad for bygningsporteføljen skal haldast på maksimum 1,2
	Det skal gjerast vedtak om LCC-løyvingar for alle nye byggeprosjekt innan år 2020
	Finansiering til å drive verdibevarande vedlikehald skal bli oppnådd innan år 2020
	Alle eigde bygg skal vere drifta via Facilit innan 2019
Egedomsstrategien skal bidra til auka kompetanse i Møre og Romsdal fylkeskommune	60 prosent av driftspersonellet skal ha fagbrev som byggdrifter innan 2021
	80 prosent av reinhaldarane skal ha fagbrev innan 2020
	Alle verksemdleiare skal ha gjennomført basiskurs i egedomsdrift innan 2020 (for eksempel Difis basiskurs om LCC)
	Det skal gjennomførast opplæring av politikarane om egedomsforvaltning etter kvart fylkestingsval frå og med år 2019
Egedomsutvikling og – forvaltning skal bidra til felles identitet i og godt omdømme for Møre og Romsdal fylkeskommune	Tilfredsheitsmålingar med karakterar minimum 4 på ein skala frå 1-5 innan år 2020 (undersøking 1 gong i året – rektorar, elevråd og tillitsvalde ved alle skolar, dialogmøte med verksemda)
	Ved utvikling av fylkeskommunal egedomsmasse skal man alltid søke å skape meirverdi utover behova til kjerneverksemda
	Alle bygg skal skiltast iht. fylkeskommunens skiltmal innan 2021
	Elektrisitetsforbruket i den fylkeskommunale egedomsmassen skal innan 2020 reduserast med 4 GWh i forhold til 2009 nivå <sup>2</sup>

<sup>2</sup> Ein reknefeil medførte at målet vart satt til 0,4 TWh i staden for 4 Gwh.



## 2.0 ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

### 2.1 SAMLA VURDERING

Bygg- og eigedomstenester har samla sett gode resultat i høve til effektmåla satt i eigedomsstrategien 2017-2026. I 2020 vart ein gjennomgang av effektmåla gjort for tredje gang.

### 2.2 EFFEKTMÅL 1

*Eigedomsforvaltninga i Møre og Romsdal fylkeskommune skal understøtte kjerneverksemda på best mogleg måte*

**Resultatmål 1.1:** Tilfredsheitsmålingar med karakterar minimum 4 på en skala frå 1-5 innan år 2020 (undersøking 1 gong i året – rektorar, elevråd og tillitsvalte ved alle skolar, dialogmøte med verksemda)

Tilfredsheitsmåling vart ikkje gjennomført i 2020.

**Resultatmål 1.2:** Alle skolane skal innan 2023 kunne bli godkjent innan miljøretta helsevern

<b>Resultatmål 1.2:</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>Prosent i 2020</b>
<b>Godkjente skolar i 2019</b>	15 av 21	15 av 21	16 av 21	76,2%

Fem skolar er ikkje godkjent innan miljøretta helsevern. To skolar er ikkje er godkjent innan miljøretta helsevern på grunn av større byggeprosjekt på skolen (Spjelkavik vgs og Fagerlia vgs). Ny søknad for desse skolane vil bli innsendt etter ferdig byggeprosjekt. To av dei tre andre skolane er ikkje godkjent på grunn av bygningsmessige forhold (Ålesund vgs og Borgund vgs). Bygg- og eigedomstenester vil i 2021 utføre tiltak for å prøve å sikre at også disse skolane kan bli godkjent innanfor miljøretta helsevern.

**Resultatmål 1.3:** Alle verksemdar skal innan år 2023 kunne bli sertifisert som miljøfyrtårn

<b>Resultatmål 1.3:</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>Prosent i 2020</b>
<b>Sertifiserte skolar</b>	15 av 21	15 av 21	15 av 21	71,4 %

Seks skolar er ikkje sertifisert som miljøfyrtårn (Spjelkavik vgs, Fagerlia vgs, Borgund vgs, Ålesund vgs, Gjermundnes vgs og Romsdal vgs). For fem av dei seks skolane er grunnen at skolen ikkje er godkjent innan miljøretta helsevern. Ein skole må vere godkjent innan miljøretta helsevern for å kunne bli sertifisert som miljøfyrtårn.

## 2.3 EFFEKTMÅL 2

*Møre og Romsdal fylkeskommune skal drive verdibevarende vedlikehald.*

**Resultatmål 2.1:** Gjennomsnittleg tilstandsgrad for bygningsporteføljen skal haldast på maksimum 1,2

Bygg- og eigedomstenester skal sikre at verdiane i eigedomsporteføljen blir ivaretatt, dvs. at tilstandsgraden blir oppretthalden for den fylkeskommunale bygningsmassen. Dette blir gjort gjennom målretta verdibevarende vedlikehald. Vedlikehaldsmidlar blir tildelt av eigedomssjefen med basis i tilstandsregistreringa og registrerte avvik.


I perioden 2016 til 2018 vart det gjennomført ein årleg tilstandsregistrering av dei fylkeskommunale skolebygga. Det vart ikkje gjennomført tilstandsregistrering i 2019, men ein ny tilstandsregistrering vart gjennomført i desember 2020.

Tilstandsregistreringa viser ein svært dårleg tilstandsgrad på delar av den fylkeskommunale bygningsmassen. Av dei 212 772 m<sup>2</sup> av skolebygg som vart tilstandsregistrert i 2020, er 9% rekna å vere i svært dårleg tilstand (tilstandsgrad dårlegare enn 2,25). Dette er bygg der det må gjerast tiltak dei neste åra for å hindre stenging av bygg. Fleire av dei dårlegaste bygga ligg inne på det tiårige investeringsprogrammet til bygg- og eigedomstenester, og er planlagt avhenda eller totalrehabilitert i løpet av dei neste åra.

<b>Resultatmål 2.1</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2020</b>
Tilstandsgrad	1,30	1,23	1,29	1,34

Tilstandsregistreringa frå 2020 viser ein vekta teknisk tilstandsgrad på 1,34. Dette er dårlegare enn målet på 1,2. Tilstandsgraden for dei bygga som skal behaldast over tid (B-bygg) er på 1,14. Det er hovudsakleg tilstandsgraden til bygg som skal rivast eller avhendast (C-bygg) som gjer at målet i eigedomsstrategien ikkje blir oppnådd, dette utgjer 10% av bygningsmassa. Ein av årsakene til at gjennomsnittleg tilstandsgrad

varierer frå år til år er at bygg- og eigedomstenester arbeidar med betre samordning mellom teama for å få betre likskap i vurderingane.



Dei fylkeskommunale skolebygga er fordelt på tre bygningskategoriar. Kategoriseringa er basert på funksjonaliteten til bygget sjå kapittel 2.2 for meir informasjon. For å sikre mest mogleg effektiv bruk av drifts- og vedlikehaldsmidlar er det i eigdomsstrategien vedtatt eit prinsipp for bruk av desse midlane:

Utviklingsplaner M&R FK	Satsingsprosjekter				
	Verdibevarende vedlikehold				
	Periodiskvedlikehold				
	Lovpålagte tiltak				
	HMS	Drift	Vedlikehold	Utskifting	Utvikling
Bygningskategori A	X	X	X	(X)	X
Bygningskategori B	X	X	X	X	
Bygningskategori C	X	X	(X)		
Vernede bygninger	X	X	X	(XX)	
Leide bygg	X	X	(XXX)	(XXX)	
(X) - tiltaket vurderes før det iverksettes (kost nytte)					
(XX) - tiltaket utføres i tett dialog med myndigheter for atikvariske bygninger					
(XXX) - tiltaket utføres iht.avtale i leiekontrakt					

Tilstandsregistreringa viser eit vedlikehaldsbehov på ca. 308 mill. kr for å utbetre TG3-er dei neste 5 åra for B-bygg. Tilstandsgrad 3 (TG3) er den dårlegaste tilstanden og betyr at bygningsdelen har omfattande skadar, feil eller manglar.

Bygnings-kategori	Del av total bygningsmasse	Mål tilstandsgrad	Tilstandsgrad 2020	Vedlikehalds-behov 0-5 år	Vedlikehalds-behov 5-10 år
A-bygg	10%	1,4	2,04	156 mill. kr	118 mill. kr
B-bygg	80%	1,1	1,14	308 mill. kr	516 mill. kr
C-bygg	10%	1,6	2,40	263 mill. kr	79 mill. kr

**Resultatmål 2.2:** Det skal gjerast vedtak om LCC-bevillingar for alle nye byggeprosjekt innan år 2020

Det vart gjennomført LCC-berekningar for alle nye byggeprosjekt i 2020, men det er framleis eit forbettringspotensial. Det er viktig at LCC-berekning blir gjennomført på eit tidlegare tidspunkt i samband med utbygging og/eller rehabilitering av eigne bygg.

Det er framleis naudsynt at det vert gjennomført vedtak om LCC-løyvingar for alle nye byggeprosjekt. I dag vert LCC-berekningar lagt fram, men løyvingar utover investeringskostnad blir ikkje vedteke.

**Resultatmål 2.3:** Finansiering til å drive verdibevarande vedlikehald skal bli oppnådd innan år 2020

Bygg- og eigedomstenester fekk i 2020 nok midlar til å drive verdibevarande vedlikehald slik at målet om vekta teknisk tilstandsgrad på 1,2 kan bli nådd. Tiltakspakka på 50 mill. kroner avdelinga fekk gjorde det mogleg å redusere vedlikehaldsetterslepet på den fylkeskommunale bygningsmassen.

Tilstandsregistreringa viser at avdelinga har eit behov på 308 mill. kr dei neste fem åra for å kunne få bukt med vedlikehaldsetterslepet på den fylkeskommunale bygningsmassen. Dette tilsvara ca. 52 mill. kr i året, i tillegg til kostnaden knytt til den daglege drifta av bygningsmassen.

Behovet på 308 mill. kr tek utgangspunkt i at tiltak knytt til A-bygg (bygg som skal utviklast) blir tatt igjennom fylkestingsvedtekne byggeprosjekt. Da det ikkje er kapasitet til å gjere større tiltak på A-bygga må også vedlikehaldsmidlar brukast på desse. Bygg- og eigedomstenester arbeider med å effektivisere drifta av bygningsmassen for å kunne frigjere midlar til å kunne gjere tiltak knytt til etterslepet på bygningsmassen.

**Resultatmål 2.4:** Alle eigde bygg skal vere drifta via Facilit innan 2019

Alle bygg ligg i dag inne og blir drifta via Facilit, men det er framleis eit forbettringspotensial. Det har skjedd store forbetringar sidan eigedomsstrategien vart vedteken i 2017. Det vert arbeid med betre kartleggingsverktøy for oppfølging knytt til kvart bygg. I tillegg arbeidar avdelinga med å registrere alle leigeavtaler i Facilit slik at disse kan følgast opp av bygg- og eigedomstenester.

## 2.4 EFFEKT MÅL 3

*Eigedomsstrategien skal bidra til auka kompetanse i Møre og Romsdal fylkeskommune.*

**Resultatmål 3.1:** 60 prosent av driftspersonellet skal ha fagbrev som byggdrifter innan 2021

På grunn av koronasituasjonen har prosessen med å tilby moglegheitene til å ta fagbrev vorte forsinka. To av driftsteknikarane har fagbrev som byggdriftar i dag og ytterlegare 11 har tatt eksamen i byggdriftarfaget. Desse er venta å få fagbrev i 2021. Sjølv om få har fagbrev som byggdrifter ennå er det likevel mange som har relevante fagbrev og lang yrkeserfaring.

<b>Resultatmål 3.1</b>	<b>Des. 2019</b>	<b>Des. 2020</b>
% med fagbrev	0%	7%

**Resultatmål 3.2:** 80 prosent av reinhaldarane skal ha fagbrev innan 2020

Det er i dag 101 tilsette reinhaldarar ute på dei vidaregåande skolane og av disse har 45 prosent fagbrev. Det er i tillegg innleidd reinhaldstenester på enkelte skolar. Det er per i dag framleis ikkje utarbeida handlingsplanar for korleis målet i eigedomsstrategien skal bli nådd. Sidan reinhaldarane på alle skular, med unntak av Romsdal vgs, er tilsett på den enkelte skolen er det opp til skolane å utarbeide ein plan for sine tilsette.

<b>Resultatmål 3.2</b>	<b>Des. 2017</b>	<b>Des. 2018</b>	<b>Des. 2019</b>	<b>Des. 2020</b>
Reinhaldarar totalt	100	94	95	101
Reinhaldarar med fagbrev	32	33	39	45
% med fagbrev	32%	35%	41%	45%

**Resultatmål 3.3:** Alle verksemdleiarar skal ha gjennomført basiskurs i eigedomsdrift innan 2020 (for eksempel Difis basiskurs om LCC)

Det vart ikkje gjennomført basiskurs i eigedomsdrift i 2020, men det vart gjennomført informasjonsmøte for rektorane.

**Resultatmål 3.4:** Det skal gjennomførast opplæring av politikarane om eigedomsforvaltning etter kvart fylkestingsval frå og med år 2019

Det vart gjennomført opplæring for utbyggingsutvalet og fylkesutvalet i 2020.

## 2.5 EFFEKT MÅL 4

### Eigedomsutvikling og –forvaltning skal bidra til felles identitet i og godt omdømme for Møre og Romsdal fylkeskommune

**Resultatmål 4.1:** Tilfredsheitmålingar med karakterar minimum 4 på en skala frå 1-5 innan år 2020 (undersøking 1 gong i året – rektorar, elevråd og tillitsvalde ved alle skolar, dialogmøte med verksemda)

Tilfredsheitmåling vart ikkje gjennomført i 2020.

**Resultatmål 4.2:** Ved utvikling av fylkeskommunal eigedomsmasse skal ein alltid søkje å skape meirverdi utover behova til kjerneverksemda

Det er i 2020 søkt å skape meirverdi utover behova til kjerneverksemda for alle byggeprosjekt over 50 mill. kr. Det er meir info om dette under punktet «samarbeid med andre».

**Resultatmål 4.3:** Alle bygg skal bli skilta iht. fylkeskommunens skiltmal innan 2021

Alle skulebygg er skilta utvendig. Alle skular har nå fasadeskilt og orienteringsskilt. Kartlegging av utvendig skilting for tannklinikane vil bli gjennomført første kvartal 2021.


**Resultatmål 4.4:** Elektrisitetsforbruket i den fylkeskommunale eigedomsmassen skal innan 2020 reduserast med 4 GWh i forhold til 2009 nivå

Som ein stor aktør i fylket har Møre og Romsdal fylkeskommune eit ansvar for å sette fokus på reduksjon av klimautslepp. Rehabilitering av gamle bygg og konvertering til fornybar energi er nokre av dei tiltaka som er gjennomført for å redusere klimautsleppa frå skolebygga.

<b>Resultatmål 4.4</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Reduksjon per år (GWh)	0,52	0,40	0,09	0,30	0,27	0,86
Akkumulert reduksjon (GWh) <sup>3</sup>	4,83	5,23	5,32	5,62	5,89	6,75
kwh per m <sup>2</sup>	120	118	117	115	115	108

<sup>3</sup> Resultat akkumuleres år for år. I ruten for 2015 viser totalt reduksjon fra 2009-2015.

Enøk-tiltak som er gjennomført i 2020 er oppgradering av SD-anlegget ved Ulstein vgs og Volda vgs, og omlegging til jordvarme på Atlanten vgs, Kristiansund vgs, Molde vgs og Volda vgs. Sidan 2009 har Møre og Romsdal fylkeskommune hatt ein reduksjon i straumforbruket knytt til skolebygga på 22 prosent.



Enøk-tiltaka gir ein gradvis reduksjon i straumforbruk per m<sup>2</sup>. Den totale bygningsmassen til fylkeskommunen har auka med ca. 11.500 m<sup>2</sup> sidan 2013, men det totale energiforbruket har likevel blitt redusert. Bygg- og eigedomstenester vil fortsette å arbeide med å redusere forbruket per m<sup>2</sup> og det totale energiforbruket.

Året etter at eigedomsstrategien vart vedteke vart det i sak T-7/17 framlagt nye klima- og energimål for den fylkeskommunale bygningsmassen. Det vart vedteke eit mål om å redusere energiforbruket med 25 prosent (om lag 7,8 GWh) innan 2020 i høve til energibruken i 2009. Dette er ein høgare reduksjon enn vedteke i eigedomsstrategien. I tillegg vart det vedteke at fylkeskommunen innan 2020 skulle fase ut fossilt brensel i sin bygningsmasse. Måla tok utgangspunkt i investeringane som var planlagt når saka vart vedteke. Desse måla vart vanskelegare å nå sidan investeringsporteføljen til fylkeskommunen vart redusert, men bygg- og eigedomstenester er likevel nøgd med å ha redusert 22 prosent.

## 3.0 STATISTIKK

### 3.1 ENERGIFORBRUK

Dei vidaregåande skolane hadde i 2020 eit energiforbruk på ca. 24 GWh. Dette er ein reduksjon på 22 prosent sidan 2009. Dette betyr ein reduksjon på ca. 3,4 % det siste året. Reduksjonen er ekstra stor det siste året på grunn av periodar med stengde skular i forbindelse med korona. Det har dei siste åra blitt gjennomført fleire energiøkonomiseringstiltak (ENØK-tiltak) på dei vidaregåande skolane. Det har mellom anna blitt satt høgare krav i samband med nybygg, etterisolert fasadar i samband med vedlikehaldstiltak og installert jordvarme på skolar i samband med utfasing av oljekjelar. Det blir gjort ei vurdering av kost/nytte ofte gjennom ein LCC-analyse<sup>4</sup> for å kartlegge det beste tiltaket. På grunn av at øyremerka midlar til ENØK-tiltak forsvann i 2020 vert det ikkje mogleg å gjennomføre like mange ENØK-tiltak som ønska.

Forskrift om teknisk krav til byggverk (TEK17) trekker opp grensa for det minimum av eigenskapar eit byggverk må ha for å kunne oppførast lovleg i Noreg. I TEK17 skal ikkje energibehovet for skolebygg overstige 110 kWh/m<sup>2</sup>. Ved nybygg og totalombygging vil krava frå TEK17 måtte følgjast. Møre og Romsdal fylkeskommune kan spare 1,04 GWh dersom alle skolebygg har eit forbruk innanfor 110 kWh/m<sup>2</sup>. I samband med vedlikehaldstiltak på skolebygga vil moglege energisparande tiltak bli vurdert.

---

<sup>4</sup> Livssyklus kostnadsanalyse



<b>Energiforbruk per skole (eigde bygg)</b>				
<b>Skole</b>	<b>kWh totalt</b>	<b>Areal</b>	<b>kWh/m<sup>2</sup></b>	<b>Mogeleg innsparing</b>
SPJELKAVIK VGS	606 152	8 314	73	
HERØY VGS	484 563	6 542	74	
RAUMA VGS	394 731	5 072	78	
ROMSDAL VGS	1 435 770	18 201	79	
ULSTEIN VGS	506 048	5 881	86	
HARAM VGS	503 675	5 616	90	
VOLDA VGS	863 069	9 123	95	
GJERMUNDNES VGS	1 844 654	18 983	97	
KRISTIANSUND VGS	2 647 655	24 745	107	
STRANDA VGS	412 787	3 850	107	
SUNNDAL VGS	852 168	7 756	110	
ÅLESUND VGS eks. Latinskolen	1 088 195	9 783	111	12 065
ATLANTEN VGS	730 514	6 444	113	21 674
SYKKYLVEN VIDEREGÅENDE SKOLE	898 821	7 840	115	36 421
MOLDE VGS	1 366 924	11 718	117	77 944
FAGERLIA VGS	1 787 006	15 303	117	103 676
BORGUND VGS	2 941 939	24 949	118	197 549
SURNADAL VGS	718 670	6 090	118	48 770
ØRSTA VGS	1 089 210	9 021	121	96 900
TINGVOLL VGS	735 762	5 494	134	131 422
FRÆNA VGS	1 102 787	7 155	154	315 737
<b>Sum:</b>	<b>24 200 240</b>	<b>224 869</b>	<b>108</b>	<b>1 042 158</b>

I sak T-7/17 vart det vedteke at fylkeskommunen innan 2020 skal fase ut fossilt brensel i sin bygningsmasse. Målet tok utgangspunkt i investeringane som var planlagt når saka vart vedteke. Desse måla vart vanskelegare å grunna at investeringsporteføljen til fylkeskommunen er redusert. 7 av 21 skolar har i dag oljekjel som kan brukast til fossilt brensel i sin bygningsmasse. Berre ein av disse oljekjelane brukast i dag som hovudenergikjelde (gartneriet på Gjermundnes vgs). Resterande oljekjellar vert brukt som reservekjelder til varmeproduksjon.

## 3.2 SHA

Byggherreforskrifta (Forskrift om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplass) er styrande for SHA-arbeidet.

*Forskriftens formål er å verne arbeidstakerne mot farer ved at det tas hensyn til sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser i forbindelse med planlegging, prosjektering og utførelse av bygge- eller anleggsarbeider.*

For bygg- og eideomstenester betyr dette at vi har eit særskilt ansvar for å følge opp at det er trygt å jobbe på våre byggeprosjekt. For å sikre at arbeidstakarane tilsett med våre kontraktspartar blir teke i vare er det etablert rutinar for oppfølging av dette ansvaret. I utføringsfasa av prosjekta vert dette følgt opp med regelmessige rapportering frå rådgivarar og entreprenørar samt vernerundar med entreprenørane.

Rapporteringa omfattar mellom anna talet på skadar med fråvær, H-verdi (hyppigheit av arbeidsulykker per 1 000 000 arbeida timer som er så alvorlege at det medfører fråvær frå arbeid/arbeidsplassen), vernerundar, talet på sikker-jobb analysar (SJA), talet på rapporterte uønska hendingar (RUH) og produsert timeverk.

	2017	2018	2019	2020
Skader med fråvær	1	0	0	0
H-verdi	5,66	0	0	0
Vernerundar	89	130	48	47
SJA	87	85	9	1
RUH	312	353	188	14
Produsert timeverk	176 811,5	155 953,5	54 070,5	28522

Til samanlikning rapporterte Entreprenørforeningen bygg og anlegg (EBA) ein samla H-verdi i 2018 for sine medlemsbedrifter på 6,04.

### **3.3 SERIØSITET**

#### **HMS-kort**

Det vart i 2020 installert HMS-kortlesarar ved alle dei vidaregåande skulane, samt ved kompetansetannklinikkane. Entreprenørar og reinhaldsleverandørar som skal utføre arbeid på eigedommane må registrere korta sine før dei startar arbeidet, og ved avreise. Slik får vi kontrollert at alle som arbeidar på bygga våre har gyldige HMS-kort, noko som bidrar til å støtte opp under seriøsitetsbestemmingane.

#### **Seriøsitetsbestemmingar i kontraktar**

Arbeidet med å følge opp seriøsitetsbestemmingane vart vidareført i 2020, blant anna ved at krava og vart nytta i mindre vedlikehalds- og oppussingskontraktar. Alle prosjekt som vart gjennomført som ein del av koronatiltaka sette seriøsitetskrav til leverandørane.

#### **Reinhaldstenester**

Det vart i 2020 utarbeida nye kontraktsmalar til reinhaldskontraktane og alle nye konkurransar vart gjennomført etter dei nye malane. Årlege oppfølgingsmøte med tilsyn på seriøsitetskrava vart utført på alle reinhaldskontraktar. Ved tilsyna vart det oppdaga nokre få små avvik som alle vart utbetra innan kort tid.

#### **Bygg- og anleggskontrakter**

Oppfølging av arbeidskontraktar innan bygg- og anleggssektoren er både krevjande og komplisert. Det er svært mange aktørar med mange tilsette som potensielt skal følgjast opp. Samtidig er det i dag ikkje digitale løysningar som kan forenkle kontrollane. Oppfølging av alle arbeidskontraktar er derfor svært ressurskrevjande. Bygg- og eigedomstenesta har arbeidd med å få redusert risikoen for at useriøse aktørar får tilgang til fylkeskommunale oppdrag. Desse føringane er basert på anbefalingane frå bransjen og publisert av Difi. For aktørar som har fått kontrakt blir det gjennomført både faste kontrollar og stikkprøvekontroller for å avdekkje eventuelle useriøse aktørar.

### 3.4 ØKONOMISK RESULTAT

I samband med at bygg- og eigedomstenester vart oppretta vart det bestemt å gjere ei endring i føringa av kostnader knytt til drift av den fylkeskommunale eigedomsmassen. Dette vart gjort for å gjere det enklare å ta ut ein oversikt over kostnader knytt til bygningsmassen. Kostnadane er kategorisert etter NS3454<sup>5</sup>.

Kostnadene er fordelt på følgende seks kategoriar med underkategoriar:

NS3454					
1	2	3	4	5	6
Anskaffelses- og restkostnader	Forvaltningskostnader	Drifts- og vedlikehaldskostnader	Utskiftings- og utviklingskostnader	Forsyningskostnader	Reinholdskostnader
Tomt	Skatter og avgifter	Drift	Utskifting	Energi	Regelmessig reinhald
Nybygg	Forsikringar	Vedlikehald	Utvikling	Vann og avløp	Periodisk reinhald
Hovudombygging	Eigedomsleing og administrasjon	Reperasjon av skadar		Renovasjon	Ekstraordinært reinhald
Restkostnad					Reinholdsrelaterte oppgåver

Det har for åra 2018 – 2020 blitt laga ein rapport som syner forbruket for fem av kategoriane. Kostnader knytt til nybygg og hovudombyggingar er ikkje med i oversikten då desse varierer mykje frå år til år. Møre og Romsdal fylkeskommune sitt forbruk kan samanliknast med standardtal utarbeida av Norsk Prisbok. Det vart i 2020 brukt totalt 158,4 mill. kroner på den fylkeskommunale bygningsmassen (utanom fylkestingvedteke byggeprosjekt) for punkt 2-6 i tabellen over. I tillegg fekk bygg- og eigedomsavdelinga ei tiltakspakke på 50 mill. kr. Av desse vart det brukt 44,1 mill. kroner i 2020.

<sup>5</sup> NS3454: Norsk Standard «Livssyklus kostnader for byggverk, prinsipper og klassifikasjoner». Standarden fordeler alle kostnader knytt til eit bygg i byggets levetid i forskjellige kategoriar.

Rekneskapen for 2020 viser følgjande forbruk på fem av kategoriene:

<b>Gjennomsnittleg kostnad per m<sup>2</sup> (eks. tiltakspakka)</b>				
<b>NS3454</b>	<b>Møre og Romsdal fylkeskommune 2019 (eks. mva)</b>	<b>Møre og Romsdal fylkeskommune 2020 (eks. mva)</b>	<b>Årskostnad Norsk Prisbok</b>	<b>Kommentar</b>
<b>Forvaltningskostnader</b>	97 kr/m <sup>2</sup>	99 kr/m <sup>2</sup>	87 kr/m <sup>2</sup>	Ein stor del av kostnadane er knytt til oppgåver som utførast sentralt. Kostnadene knytt til stab er ikkje fordelt mellom forvaltning og større investeringsprosjekt.
<b>Drifts- og vedlikehaldskostnader</b>	191 kr/m <sup>2</sup>	184 kr/m <sup>2</sup>	209 kr/m <sup>2</sup>	Mesteparten av kostnadene er knytt til lønn, serviceavtalar og mindre vedlikehald.
<b>Utskiftings- og utviklingskostnader</b>	132 kr/m <sup>2</sup>	127 kr/m <sup>2</sup>	428 kr/m <sup>2</sup>	Inkluderer ikkje kostnader knytt til fylkestingsvedteke rehabiliteringsprosjekt.
<b>Forsyningskostnader</b>	115 kr/m <sup>2</sup>	113 kr/m <sup>2</sup>	210 kr/m <sup>2</sup>	Avviket skyldes at fylkeskommunen har låge straumkostnader pga. lågt forbruk per m <sup>2</sup> .
<b>Reinhaldskostnader</b>	315 kr/m <sup>2</sup>	301 kr/m <sup>2</sup>	266 kr/m <sup>2</sup>	Reinhaldskostnaden varierer stort frå skole til skole. Dette skyldast at nokre skolar har areal som ikkje har reinhald like ofte.
<b>SUM</b>	<b>850 kr/m<sup>2</sup></b>	<b>824 kr/m<sup>2</sup></b>	<b>1200 kr/m<sup>2</sup></b>	

Det er store variasjonar i forbruk per skole. Forskjellen er spesielt stor knytt til utskifting og utvikling. Dette skyldast at det årleg berre blir gjennomført store tiltak på enkelte skolar. Dei skolane med det mest akutte behovet blir då prioritert.



## Møre og Romsdal fylkeskommune

Postboks 2500, 6404 Molde (postadresse)  
Julsundvegen 9, 6412 Molde (besøksadresse)

Tlf: 71 28 00 00  
E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no)  
Web: [mrfylke.no](http://mrfylke.no)